

## Uskedeling opplevde 11. september

11.09.2008

**Henny Ester Helland frå Uskedalen opplevde 11. september 2001 i New York. No bur ho på Nesttun i Bergen etter å ha flytta heim i fjar.**



- Det som skjedde denne dagen sit enno godt i minnet og eg vil hugsa han resten av livet, seier ho til innsida.no

Henny Ester Helland opplevde 11. september i New York. (Foto: Sjømannskyrkja i New York)

Ho hadde vore husmor ved Sjømannskyrkja i New York berre nokre dagar då to fly flaug inn i World Trade Center for sju år sidan i dag.  
Dermed fekk dei ei hektisk veke ved kyrkja. Dagen starta med fin og varmt ver, men den utvikla seg til å bli heilt forferdeleg.

- Eg håpar noko liknande aldri skjer igjen, seier Henny Ester.